



Sumarskule som fremjer mangfold og likestilling

PROSJEKTNOTAT AKTIVITETSBASERT UTANDØRS SUMARSKULE

MÅLSETTINGAR

OVERORDNA MÅL

Kystkultur.no og FN-sambandet i Bergen inviterer til aktivitetsbasert utandørs sumarskule. Gjennom aktivitetsbasert undervisning utandørs vil vi og elevane jobba saman med i praktiske og teoretiske case, ut ifrå FNs berekraftsmål. Målet er å få både praktisk røynsle og djupare forståing av at naturleg og kulturelt mangfald kan sjåast som ein heilskap. Elevane skal på sommarskulen både forstå FNs berekraftsmål, og sjølv bidra til å nå dei. Vi vil spesielt jobba med desse hovudmåla:

- 4 – inkluderande utdanning for alle
- 5 – likestilling mellom kjønna
- 9 – innovasjon og infrastruktur
- 17 – samarbeid for å nå måla
- 12, 13, 14 og 15 – ansvarleg forbruk, handle for å stoppe klimaendringane, ta vare på livet over og under vatn

I tillegg vil vi jobba med menneskerettane for å motverka og førebyggja negative konsekvensar av pandemien, mellom anna rasisme og diskriminering. Vi vil informera om korleis samane (urfolk i Noreg) har utvikla sine egne demokratiske institusjonar, og om korleis kvinner i fattige land kan nytta lovlege metodar for å betra sin eigen situasjon.

Vi vil ha noko teoretisk undervisning, men mesteparten av tida vil deltakarane vera aktive gjennom praktiske døme. Vi vil vera utandørs, både på land og på sjøen (men ved dårleg ver har vi alternativ aktivitet under tak).



OPERATIVE MÅLESTOKKAR

Sommarskolen skal gi deltakarane god trening innafor dei tre tverrfaglege tema i «fagfornyinga» i skolen (dvs. dei nye læreplanane):

- Demokrati og livsmeistring
- Aktivt demokrati og medborgarskap
- Berekraftig utvikling

Deltakarane skal sjølv trene på å nytta berekraftsmåla for å sjekka om dei får resultat:

- Delmål 4.7 om utdanning i berekraftig utvikling, indikator 4.7.1 nyttast til å sjølv å sjekka om dei meiner at dei er gode nok til å få diplom etter kurset
- Delmål 5a om reformer for å gje kvinner lik tilgang til ressursar og eigarskap, visa at indikatorane 5a.1 og 5a.2 kan nyttast til å måla dette både i Noreg og i andre land. Her er det i tillegg mogleg å gå djupare inn i og problematisera delmål, t.d. 5.1 og 5.2, som tek opp tyngre tema, som negativ sosial kontroll, tvangsgifte, kjønnsbasert vald og skadelege skikkar.
- Delmål 9.4 om omstilling i arbeidsliv og produksjon – elevane jobbar kreativt og innovativt om å redusera utsleppa av klimagassar, og måla det direkte i kg CO2 med indikator 9.4.1
- Delmål 17.17 om samarbeid gjennom lokale nettverk, måla kor mykje pengar som vert investert i demokrati kurset ved å nytta indikator 17.17.1



PRAKTISK GJENNOMFØRING

KOLLEKTIV TRANSPORT til og frå Stend i Fana. Hit er det gode kollektivruter med overgang frå og til store delar av Bergen (*vi vil om naudsynt hjelpa til med oppsamling for å gjera transporten enklare og tryggare for deltakarar som er uvande med å reisa kollektivt i Bergen*)

FYSISK RAMME OG TIDSBRUK: Vår base er i Melkeviken friområde og/eller Hordamuseets strandsone. Vi disponerer ei løyse som base, her kan deltakarane laga mat og eta, oppbevare sekker med ekstra klede osv. Her det også WC og mogleg å skifta om nokon vil bada. Vi er stor sett utandørs heile tida, men det er mogleg å vera inne ved dårleg vær.

- 3 rundar med kurs (opsjon på 4) med 25 deltakarar kvar dag 4 dagar på rad i vekene nr. 25, 26 og 32 (dessutan som opsjon i veke 31 dersom innvilga, og det er etterspurnad).
- Tidsrom 09:30-14:30 – tidsrommet er tilpassa at det skal vera mogleg for deltakarane å reisa kollektivt begge vegar frå og til fleire bydelar.

Deltakarane er sjølve med på finna og velja råvarer, og deretter laga eit berekraftig måltid, minst ein gong for kvar runde med kurs.

Vi kan tenna «leirbål» (i bålpanner), rundt dei kan vi ha matpause, og i tillegg gruppesamtaler om det passar inn i programmet.

(Våre aktivitetar interfererer og/eller konkurrerer ikkje med, men er komplementære til, andre sommarskuleaktivitetar i regi av Hordamuseet, som til dels går føre seg parallelt.)



OVERSYN OVER AKTIVITETANE *(lista kan utvidast)*

«Teori»

- Om FNs tema (menneskerettane, FNs berekraftsmål)
- Om urfolk (ILOs konvensjon 169, om sametinget osv.)
- Diskusjonar
- Enkle øvingar for å skapa positiv gruppedanning og samarbeidsvilje

Aktiviserande fagleg og tematisk undervisning

- Rollespelet «Tekstilfabrikken» (forhandlingar om løn og arbeidstilhøve)
 - Deltakarane gjennomfører eit to-timar langt rollespel, kor dei simulerer ulike grupper med sterke interessekonfliktar, som alle jobbar på ein tekstilfabrikk i Kambodsja. Dei lærer om maktforhold og rettar på en arbeidsplass. Mykje er urettferdig, spesielt for dei unge kvinnene som tener minst, men gjer det meste av arbeidet. Samstundes kan dei forbetra tilhøva for seg sjølv ved å organisera seg. Rollespelet gir elevane kjennskap til FNs arbeidslivsorganisasjon ILO.
- «Berekraftssti»
 - Teoretiske og praktiske gruppeoppgåver med instruksjon), om klima og mangfald, helse, kamp mot fattigdom, innovasjonar, samarbeid mellom landa
- Biologisk og kulturelt mangfald – i sjøen, i fjæra og på land
 - Nytt garn og teiner, fanga fisk osv.
 - Finne og bestemme artar i fjæra
 - Kort og enkel natursti (høgdegradient) i kulturlandskapet for vise samanheng mellom kulturelt og biologisk mangfald



- Gardsbesøk
 - m.a. kyr og potetåker
 - Gardsbutikk



Roing på sjøen som aktiviserande meistringsøving

- Læra om og nytta tradisjonsbåtar
 - Klargjering, ta på seg flytevest, sjekka personleg og felles tryggleik
 - planleggja turen m/ vervarsel, vind, bølger, tid, farvatn osv.
 - Setja ut båtane (vi er i skjerma område nær land)
 - Ro saman (støttande handlingar og tryggleik i fokus)
 - Leggja til på ei holme, ha pause på land
 - Alt i omvendt rekkefølge v/retur
 - Avslutta med fortøying, erfaringsmøte og oppskvær

Eigenstyrte aktivitetar og/eller bading på langgrunn strand

- Bading under oppsyn (tryggleik i fokus)
- Fri
- Skogstur

Sumarskulen er støtta av:



**BERGEN
KOMMUNE**

